

VEKEPLAN 1.trinn Veke: 3

Ansvarselevar:

1A: Aurora og Erika

1B: Albert og Anita

Kontaktlærer:	E-mail:
1A Ina Forland	Ina.forland@austevoll.kommune.no
1B Kjersti Mæland	Kjersti.meland@austevoll.kommune.no
Administrasjon 55081321 Skulen si heimeside: www.minskule.no/storebo	



Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.10-09.40	Samlingsstund/ Leik	Symjing 1A Stasjonar 1B	Samlingsstund/ Leik	Samlingsstund/ Leik	Samlingsstund/ Leik
09.40-10.05	Friminutt				
10.05 -11.35	Matte	Matte 1A Gym 1B	Tur frå kl.10 	Engelsk	Musikk
11.00-11.35	Mat	Mat		Mat	Mat
11.35- 12.00					
12.00-12.45	Stasjonar	Arbeidsøkt		Zippy/ biblioteket	SKULEDAGEN AVSLUTTES 11.35
	SKULEDAGEN AVSLUTTES kl.12.45	SKULEDAGEN AVSLUTTES kl.12.45	SKULEDAGEN AVSLUTTES kl.12.45		



Info til heimen

Hei 😊

Me hadde ein flott tur til Åsen forgje veke og det var mykje fin leik på tur-plassen. Veldig fing gjeng å gå på tur med 😊 Denne veka blir det ein liten tur på onsdag. Ta med godt med mat og drikke og kle barnet etter vêret.



Hugs at alle elevane må ha med seg **vatnflaske** i sekken kvar dag.

Fint om alle elevane kan **tøflar eller tjukkelubber** til å gå med inne, då det er veldig golvkaldt i klasseromma og i gangen vår. Pass også på at elevane har varme ytterklede, vottar/hanskar, lue og vintersko på skulen.

Storebø skule er med på eit pilotprosjekt med gratis frukt til elevane våre 3 dagar i veka. Vi på 1.trinn får frukt måndag, tysdag og torsdag. Det vert eit prøveprosjekt fram til sommaren.



Byting av symjing- og gym grupper:

1A skal ha symjing på tysdag og må ha med seg badeklede, handkle, badehette og såpe.

1B skal ha gym i midøkta, og må ha med seg innesko eller antiskli-sokkar i midtøkta tysdag.

Vi har for tida fokus på kvar vi plasserer bokstavane i **bokstavhuset**. Snakk gjerne litt om dette heime. Det er eit bilete av bokstavhuset på lekse denne veka. Kanskje elevane sjølv kan få forklare kva vi meiner med bokstavhus og kor dei ulike bokstavane skal plasserast?

Helsing Kjersti og Ina

Vekas mål

- Eg jobbar godt med læringspartnaren min.
- Eg kan skrive og gjenkjenne bokstaven æ og b.
- Eg veit kor loft, stue og kjellar er i bokstavhuset og kor bokstavane skal plasserast.
- Eg kan skrive tala opp til ti og gjenkjenne mengde opp til 10.
- Eg veit kva vi meiner med addisjon.

Vekas bokstav	Vekas bokstav	Vekas tal
		Vi jobbar med tal og mengde opp til 10. Eg veit kva vi meiner med addisjon.

Heimelekse

Hugs å lese litt heime kvar dag!

Måndag og tysdag

Jobb med lekseark 1 og les side 72 og 73 i Salto Leseboka.

Onsdag og torsdag

Jobb med lekseark 2 og les side 74 og 75 i Salto Leseboka.

Leksemappa og leseboka skal alltid ligge i sekken.
Vi samlar inn leksene på fredagen.

Bokstavhuset

